



LINDÅS KOMMUNE

Teknisk drift
 Besøksadresse:
 Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no
 Heimeside: www.lindas.kommune.no
 Kartside: www.nordhordlandskart.no
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Berit Nordentoft

Jordalsveien 193
 5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Dykkar ref. Sakshandsamar:
 Linda Folkestad

Vår ref. Telefon
 2010/2038 - 0 - 56375170
 3298/2011

Arkivkode: Dato:
 133/54 02.02.2011

Løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå offentleg veg, Gbnr. 133/54.

Syner til søknad om etablering av privat veg på Gbnr. 133/54. I samband med dette gir vegavdelinga løyve til utvida bruk av næraste eksisterande avkjørsle frå offentleg veg på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar dei tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet (forskrift For-1964-07-16 nr. 3905, punkt 3-13 og 15, vegnormal 017 (før 1 mai 2008) og veglova §§ 40-43).
- Avkjørsla skal på dei to første metrane ha eit fall frå kommunal veg på 2,5% (5cm) før vegen stiger/faller. Verdiane gjeld veg med ferdig dekke (asfalt, oljegrus osv).
- Under avkjørsla skal det leggast dreneringsrør med ei diameter på minimum 200mm. Dreneringsrøret skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Avkjørsla skal være bygd slik at det er god oversikt i vegkrysset slik at den fører til minst muleg ulempe for dei som ferdast langs offentleg veg. Avkjørsla skal ligge vinkelrett på kommunal veg.
- Det skal være uhindra sikt i eit område langs kommunal veg på kvar side av avkjørsla. Siktsone vert konstruert ved hjelp av ei siktsone frå eit punkt 4m inn i avkjørsla (målt frå kant kommunal veg) og minimum 1m per 1km hastigheit (målt langs kant kommunal veg). Siktlengda vert ved 50km/t = 50m, 60km/t = 60m osv.
- Siktsona skal være fri for sikthindringar som byggverk, fjellknaus, trær, buskvekstar og andre sikthindringar som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. Siktsone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå.
- Svingradius skal være slik at ein kan svinge til både høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er sett til minimum 3m.
- Dersom avkjørsle er adkomst til garasje, forretning, driftsbygning eller regelmessig vert nytta til bil kjøring (avkjørsle til bustad/hytte) skal det utanfor vegområde innrettast snuplass slik at rygging inn og ut frå offentleg veg unngåast.
- Utvida bruk av eksisterande avkjørsle vert gitt for avkjørsla som er vist på vedlagt situasjonskart (datert 02.02.2010).

Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspiktig til byggesak.

DER DRUMAR BLIR RØYNDOM

